



# Innst. 126 S

(2011–2012)

## Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 19 S (2011–2012), kap. 821, 822, 3821 og 3822

### Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2011 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Til Stortinget

#### 1. Sammendrag

##### 1.1 Innleiing

I proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2011.

##### 1.2 Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

###### 1.2.1 Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Vedteke budsjett er basert på at 7 000 personar utløyser førsteårs integreringstilskot i 2011. Talet er no venta å bli 7 406 personar. Dette er hovudårsaka til ein auke i utbetaling av integreringstilskot på om lag 9 mill. kroner.

Medrekna overført løyving frå 2010 vil behovet likevel vere lågare samanlikna med vedteke budsjett.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 16,17 mill. kroner.

###### 1.2.2 Post 61 Særskild tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Kommunar som busett einslege, mindreårige asylsøkjarar, flyktningar og/eller einslige mindreårige personar med opphold på humanitært grunnlag, mottek tilskot som i 2011 er på 123 144 kroner per person per år. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Det er venta ein auke i utbetalingar for 2011 grunna ein auke i busetjing av einslege, mindreårige overføringsflyktningar og ein høgare del som utløyser tilskot i busetjingsåret.

BLD føreslår å auke løyvinga med 4,9 mill. kroner.

##### 1.3 Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

###### 1.3.1 Post 22 Norskprøver for vaksne innvandrarar

Løyvinga skal dekkje utgifter til gjennomføring av norskprøver for vaksne innvandrarar, og behovet er no venta å bli lågare enn føresett i 2011.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 2,9 mill. kroner.

###### 1.3.2 Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Vedteke budsjett er basert på at 9 827 personar er i målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap og vil utløyse førsteårs tilskot i 2011. Talet på personar i målgruppa som vil utløyse førsteårs tilskot er no venta å bli 10 419 personar. Dette er hovudårsaka til at utgiftene er venta å auke i 2011.

BLD føreslår å auke løyvinga med 8,58 mill. kroner.

##### 1.4 Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

###### 1.4.1 Post 1 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Integreringstilskotet har ulik sats for det første året for barn og vaksne. Samansetjinga av barn og vaksne verkar dermed inn på storleiken av ODA-

godkjende utgifter. Endring i samansetjinga av barn og vaksne er årsaka til at godkjende utgifter er venta å bli redusert.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 14 mill. kroner.

#### **1.4.2 Post 2 Særskild tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter**

Nye tal syner at dei som blir busette frå mottak i gjennomsnitt har vore i Noreg i om lag 8,5 månader på busetjingstidspunktet. Sidan det berre kan rapporterast ODA-godkjende utgifter for det første året dei er i Noreg, kan ein på denne posten derfor berre rapportere for dei første 3,5 månadane etter busetjing. Denne føresetnaden var ikkje lagt til grunn for vedteke budsjett, og godkjende utgifter er derfor venta å bli lågare enn føresett i vedteke budsjett for 2011.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 18,58 mill. kroner.

#### **1.5 Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for vaksne innvandrarar**

##### **1.5.1 Post 1 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter**

Ein reduksjon i talet på asylsøkjarar som kjem inn under ordninga for opplæring i norsk i mottak fører til ein reduksjon i ODA-godkjende utgifter.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 12,94 mill. kroner.

## **2. Komiteens merknader**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Lise Christoffersen, Roald Aga Haug, Håkon Haugli, Ingallill Olsen og Eirik Sivertsen, fra Fremskrittspartiet, Gjermund Hagesæter, Morten Ørsal Johansen og Åge Starheim, fra Høyre, Trond Helleland og Michael Tetzschner, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Heikki Holmås, fra Senterpartiet, Heidi Greni, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, behandler i innstillingen de budsjettkapitlene som hører inn under rammeområde 6 Innvandring, regional utvikling og bolig.

## **3. Komiteens tilråding**

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

**vedtak :**

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
<b>Utgifter</b>			
821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	
60		Integreringstilskot, kan overførast, blir redusert med ..... frå kr 4 248 347 000 til kr 4 232 176 000	16 171 000
61		Særskild tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving, blir auka med ..... frå kr 298 344 000 til kr 303 245 000	4 901 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
22		Norskprøver for vaksne innvandrarar, blir redusert med ..... frå kr 14 898 000 til kr 11 995 000	2 903 000
60		Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir auka med ..... frå kr 1 577 421 000 til kr 1 586 000 000	8 579 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
<b>Inntekter</b>			
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrargar	
	1	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med ..... frå kr 99 986 000 til kr 86 010 000	13 976 000
	2	Særskild tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med ..... frå kr 25 659 000 til kr 7 079 000	18 580 000
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrargar	
	1	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med ... frå kr 113 595 000 til kr 100 654 000	12 941 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 8. desember 2011

**Heikki Holmås**

leder og ordfører

